

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 19/2007

Møtedato: 14.3.07

Arkiv nr: S 800

S 800, Krististølen – søknad om sel

Arne Rogndokken søker om å få føre opp sel på stølen på Krististølen. Eksisterande sel var så dårleg at det måtte takst ned. Selet som er fjerna var 46 m² og det nye er 28 m². Det nye selet skal plasserast på same tomt som selet sto før.

Stølen er i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Statskog og Oppland fylkeskommune er bedt om uttale til saka.

Statskog har gjeve følgjande uttale:

Viser til Melding om tiltak datert 14.02.07 av Arne Rogndokken med bygningstegninger og situasjonskart.

Det søkes om å få oppføre et nytt sel på 28 m² da det opplyses at det gamle selet ble revet på grunn av dårlig forfatning. Selet er tenkt oppført på samme sted som tidligere sel, og stølen opplyses benyttet til beite for egne ungdyr og i ledige perioder også for andre.

Vi har registrert følgende bebyggelse i seterregisteret:

Hustype	Byggeår	SumAreal
Seterbu	1900	46
Låve/løe	1920	17
Uthus/skåle	1935	23

Ved en nærmere gjennomgang av stølsregistreringen i 2001 ser det for oss ut til at bebyggelsen som er registrert på denne stølen er bebyggelsen til festnr. 61, som riktig nok ligger inne på stølsvollen til denne stølen slik vi oppfatter det ut i fra økonomisk kartverk og flyfoto.

Opplysninger fra 1969 oppgir følgende bebyggelse på stølen:

- Fjøs	50 m ²
- Uthus/skåle	33 m ²
- Låve/løe	37 m ²
- Seterbu	50 m ²

Dette synes for oss å være en riktigere oppsummering av bebyggelsen på stølen ut i fra det vi kan se på kart og flyfoto. Vi bes opplyst om riktig bebyggelse på stølen for oppdatering av seterregisteret.

Statskog SF har for øvrig ikke merknader til søknaden.

VEDTAK:

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskriftene. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 15.4.07

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Arne Rogndokken
Statskog
Oppland fylkeskommune
Vestre Slidre kommune